Nynorsk kultursentrum

# Den som teier, samtykkjer kanskje

## Språkpolitikk i fylkestingsvalet 2019

**Per Magnus F. Sandsmark**

© Per Magnus F. Sandsmark og Nynorsk kultursentrum

Publisert på nynorsk.no 9. august 2019.
Oppdatert versjon 12. august 2019.

# Innhald

Forord .... 4
Språkpolitikk i fylkeskommunane .... 6
Lokaldemokratiet og språket .... 7
Språk som identitet .... 10
Viken .... 14
Innlandet .... 16
Vestfold og Telemark .... 18
Agder .... 20
Rogaland .... 22
Vestland .... 24
Møre og Romsdal .... 27
Trøndelag .... 29
Nordland .... 32
Troms og Finnmark .... 34

# Forord

Dei fleste partia seier ikkje kva dei meiner om språkpolitiske stridstema før fylkestingsvalet. Vi kan tru at dei som teier, samtykkjer med det som er den rådande politikken i dag, men vi veit det ikkje. Dette skriftet er ei kartlegging av kva fylkespartia meiner om språkpolitikk før valet i 2019. Språk kan vere ein del av til dømes opplæringspolitikken, kulturpolitikken, forvaltningspolitikken og integreringspolitikken. I dette skriftet blir ikkje språkpolitikk forstått som sektorpolitikk for språkorganisasjonar og språkinteresse, men det er ei undersøking av kva parti og fylkeskommunar meiner om norsk, med bokmål, nynorsk og dialektane, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og synet på nyare innvandrarspråk og framandspråk. Skriftet er ingen historisk analyse, men ein dokumentasjon av stoda i 2019 og nokre overordna perspektiv med utgangspunkt i denne dokumentasjonen.

Fylkestingsvalet er 9. september 2019, samstundes med kommune-, kyrkje- og sametingsvala. Det kunne vore nyttig å sjå alle desse vala i samanheng, men av omsyn til arbeidsmengd og avgrensing er det fylkeskommunane dette skriftet handlar om. Dei fleste innbyggjarane i kongeriket Noreg bur i ein fylkeskommune, men to område er ikkje delar av fylkeskommunar. Det eine er stort i areal, og det andre er stort i folketal. Oslo kommune hadde vore den nest største fylkeskommunen i landet etter Viken, og Svalbard den nest største i areal etter Troms og Finnmark. Sidan både Longyearbyen lokalstyre og Oslo kommune har andre tenestetilbod og oppgåver enn fylkeskommunane, er ikkje desse med i dette skriftet.

Dette skriftet har to funksjonar. Den første er å presentere kva språkpolitikk i fylkeskommunane kan vere, med utgangspunkt i det faktiske handlingsrommet til einingane og omgrepa identitet og lokaldemokrati. Den andre er å gjere greie for kva partia og vallistene har programfesta om språk i fylkestingsvalet 2019 i kvart enkelt fylke. Dei tre første kapitla, *Språkpolitikk i fylkeskommunane*, *Lokaldemokratiet og språket* og *Språk som identitet* er tre forsøk på å forstå fylkeskommunane og partia sine haldningar og like gjerne manglande haldningar til språkpolitikken. Mykje er ugjort i tenkinga om lokal og regional språkpolitikk. Kanskje kan dette vere eit startpunkt for noko meir. Dei neste kapitla gjer greie for formelle vedtak og offisiell statistikk om bokmål, nynorsk, samisk og kvensk i fylka og fylkeskommunane. Deretter er det utdrag om språk frå alle partiprogramma som har vore tilgjengelege i kvart fylke.

Metoden for å finne fram til kva partia meiner, har vore enkel, men tidkrevjande nok. Det har vore søkt etter program for alle lister som er godkjende til fylkestingsvalet. Deretter har det vore søkt og lese i kvart program etter ulike signalord og uttrykk for å finne fram til språkpolitikken til kvart enkelt parti. Orda det har vore søkt etter (med både bokmåls- og nynorskrettskriving), er *bokmål, dauv, dialekt, engelsk, finsk (gir også treff på norsk-finsk og norskfinsk), forvaltningsområde, kvensk, morsmål, målform, nasjonale minoritetar, norsk, nynorsk, nøytral, samisk (gir også treff på lulesamisk, nordsamisk, sørsamisk), sidemål, skriftkultur, talemål og språk (gir også treff på framandspråk, minoritetsspråk, administrasjonsspråk, språkopplæring, språkfag, teiknspråk).* I tillegg har kapittel om administrasjon og demokrati, kultur, integrering og opplæring blitt lesne gjennom for å avdekke om det er meir språkpolitikk.

Frå 1. juni kan alle innbyggjarar tidlegrøyste til fylkestingsvalet. Likevel er det slik at då dette skriftet blei produsert i juli 2019, hadde mange fylkesparti ikkje gjort partiprogrammet sitt tilgjengeleg på nettstadene sine. Av partia som er representerte i alle fylkestinga, og på Stortinget, er det Miljøpartiet Dei Grøne og Framstegspartiet som er minst

representerte i dette skriftet. Nokre fylke har også av same grunn mindre representative presentasjonar enn andre. Det gjeld særleg Innlandet, der heile fire av partia som er representerte i dag, ikkje hadde publisert program då dette skriftet blei laga. I Troms og Finnmark hadde korkje Høgre eller Framstegspartiet gjort programma sine tilgjengelege, og i Trøndelag manglar det største partiet i fylket: Arbeidarpartiet.

Sidan dokumentasjonen tek utgangspunkt i valprogram, er det intensjonar og ikkje praksis som blir dokumentert. Dei partia og listene som blir valde, kjem til å meine meir om språk enn det som står i programmet deira, men det er berre det dei har programfesta, dei er forplikta til å meine og eventuelt gjere noko med dei neste fire åra. Dei første kapitla er med på å problematisere at partia meiner lite om språk før vala, men likevel meiner ein heil del om språk mellom vala.

Femten av fylkeskommunane blir slått i hop til sju nye fylkeskommunar, og alle ti fylkeskommunane får andre og fleire oppgåver enn dei hadde ved sist val. Det gjer 2019 til eit naturleg startpunkt for denne dokumentasjonen, og det gjer også at det som har vore språkpolitisk praksis i fylka kvar for seg, ikkje treng bli språkpolitisk praksis i dei nye samanslåtte fylka.

Publikasjonen er ein del av ein tradisjon for å dokumentere språk og språkpolitikk. I Ivar Aasen-tunet har Det Norske Samlaget deponert *Arkiv for norsk målreising*, som blei bygd opp av Peder E. Hovdan for å dokumentere framveksten av nynorsk skriftkultur etter kommune ca. 1908–1955. Nynorsk kultursentrum har før stortingsvala i 2005, 2009, 2013 og 2017 gitt ut og oppdatert publikasjonen *På parti med språket*?[1]. I desse publikasjonane er det teke utgangspunkt i partiprogramma ved alle stortingsvala frå 1906 til og med valet same året som publikasjonen har blitt gitt ut. Denne dokumentasjonen har teke utgangspunkt i staten og Stortinget. Tidlegare direktør Ottar Grepstad har også publisert *Nynorsk faktabok 1998*, *Nynorsk faktabok 2005*, *Språkfakta 2010*, *Språkfakta 2015* og *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012*. Her har det lokale og regionale fått plass i tabellar og analysar. Utan denne tradisjonen og alt dette forarbeidet hadde dette skriftet i minste fall vore noko anna.

*Ivar Aasen-tunet, august 2019*

Per Magnus F. Sandsmark
direktør Nynorsk kultursentrum

**Tillegg**
12. august 2019: Nye opplysingar om Viken Sp, Viken KrF, Innlandet KrF, Innlandet V, Vestfold og Telemark FrP, Rogaland FrP, Rogaland MDG og Troms og Finnmark FrP.

[1] Ottar Grepstad: *På parti med språket? Språkpolitikk i norske partiprogram 1906–2021*. Ørsta 2017.

# Språkpolitikk i fylkeskommunane

Med tre røyster i overvekt var ein stor identitetspolitisk konflikt i Møre og Romsdal avgjord. Ingen visste at saka skulle bli diskutert, då veljarane gjekk til urnene i fylkestingsvalet i 2015, men ho fekk prege regional- og lokalmedia og heile fylkeskommunen i fleire månader. Den 11. april 2016 røysta 25 fylkestingsrepresentantar i Møre og Romsdal for nynorsk administrasjonsspråk, mot 22 som ville gå over til at saksbehandlaren sjølv skal velje språk i dei fleste saksframlegg i fylkeskommunen

Fylkesordførarane i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane signerte 15. september same året ein intensjonsavtale om å etablere eit nytt vestlandsfylke. Der føreslo dei ikkje å vedta nynorsk som administrasjonsspråk. Det skapte trøbbel. Då fristane for høyring i dei tre fylka gjekk ut, hadde det kome 439 fråsegner som ønskte offisielt vedtak om nynorsk i regionen.

Den 14. desember 2017 vedtok fylkestinga i Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag samrøystes å søkje regjeringa om eit offisielt sørsamisk namn på den nye fylkeskommunen.

Seinhausten og vinteren 2014 behandla fylkestinga i Troms og Finnmark innbyggjarinitiativ om at fylka skulle meine at kvensk skulle bli oppgradert frå å vere eit minoritetsspråk på nivå III til nivå II i minoritetsspråkpakta. I Troms føreslo Høgre å utsetje saka og fekk berre åtte røyster. Eit samrøystes fylkesting støtta framlegget.

Felles for alle desse større språkpolitiske avgjerdene er at ingen parti i fylka hadde signalisert i programma sine på førehand kva dei meinte. Ingen hadde meint noko om administrasjonsspråk, statusen for kvensk eller om samisk språkforvaltningsområde. I dei to første tilfella blei det store politiske diskusjonar, både internt i parti og mellom parti. Veljarane hadde likevel ikkje høve til å verke inn på avgjerdene av di standpunkta til kandidatar og parti ikkje var offentleggjorde før valet.

Dei få gongene parti tek tydelege og til dels kontroversielle standpunkt, er det få eller ingen som har programfesta motstandpunktet. Ingen parti stør sidemålsordninga, medan Høgre og Framstegspartiet i dei fleste fylke og Senterpartiet og Arbeidarpartiet i Troms og Finnmark vil søkje om forsøk for å avvikle henne eller endre henne drastisk. Når Høgre i Møre og Romsdal har programfesta å avvikle nynorsk som administrasjonsspråk, har dei som er usamde i dette alternativet, berre Sosialistisk Venstreparti som eit reelt alternativ, av di det er det einaste andre partiet som omtaler denne kontroversielle saka frå inneverande fylkestingsperiode.

Kanskje er det slik at mange av dei språkpolitiske spørsmåla, særleg dei som går på nynorsk og bokmål, splittar fylke og parti geografisk og ideologisk, og at dei difor ikkje blir avgjorde på fylkesårsmøta i partia, men heller blir overlatne til tilfeldigheitene.

I praksis er språkpolitikken privatisert til enkeltrepresentantar i fylkestinget og deira makt og initiativ til å få gjennom det dei ønskjer. Partia slår i dei fleste tilfella korkje fast prinsipp eller framlegg til tiltak i valprogramma sine. Veljarane får ikkje høve til å ta språkpolitiske omsyn ved valet sitt. Det er eit problem.

I utgangspunktet kan ein tru at det som ikkje blir diskutert eller problematisert i valprogramma, er greitt nok, og at det difor ikkje skal endrast. Ein kunne såleis tru at dei som teier om språkpolitikk, samtykkjer i stoda slik ho er. Døma i byrjinga av dette kapittelet viser at det ikkje alltid er slik. Difor seier valresultatet lite eller ingenting om kva som skjer språkpolitisk i fylkeskommunane dei neste fire åra.

# Lokaldemokratiet og språket

Få stader er demokratiet bygd meir nedanfrå enn i den offisielle norske språkpolitikken. Dersom nokon skriv på bokmål til ein tilsett i staten, skal staten svare på bokmål. Det er einskildborgaren som avgjer språket det blir kommunisert på, ikkje representanten for systemet. Det er også einskildkommunane og fylkeskommunane som vedtek kva språk staten skal kommunisere med dei på.

Det er altså innbyggjarane og dei lokaldemokratiske institusjonane som dannar grunnlaget for språkpolitikken og språkbruken. Det er omtrent berre i språkpolitikken at individet kan overstyre systemet, og at lokale og regionale forvaltningsnivå styrer kva statlege nivå gjer.

Nokre parti er også inne på at forvaltningsspråket er makt i seg sjølv. I Viken, Rogaland og Nordland går einskildparti til val på at fylkeskommunen skal bruke eit enkelt og forståeleg språk av omsyn til innbyggjarane.

Noreg er eit fleirspråkleg land. Med jamstillingsvedtaket frå 1885 blei Noreg eit av dei første landa som var formelt fleirspråklege. Dette har danna grunnlag for to omfattande norske skriftkulturar, nynorsk og bokmål, og seinare har omgrepet også inkludert dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka.

Den norske offentlegheita har både parallellversjonar av ulike tekstar på fleire språk og dokument som berre finst på eitt språk. Sånn er det også med dei regionale partiprogramma. Dei fleste fylkesparti har lagt fram programmet sitt i fullversjon på bokmål, men i Agder, Rogaland og Møre og Romsdal har parti også lagt fram program berre på nynorsk. I Vestland har ingen parti lagt fram programmet på bokmål. Ingen parti har lagt fram fullversjonen av partiprogrammet sitt på nokon av dei samiske språka eller dei nasjonale minoritetsspråka.

Respekten for språkpolitiske og geografiske skilnader ser ut til å vere avgrensa til omsynet til nynorsk og bokmål i Innlandet Senterparti, Rogaland Arbeidarparti, Møre og Romsdal SV og Møre og Romsdal Høgre. I desse fylkespartia er programmet lagt fram anten i eitt dokument på vekselvis bokmål og nynorsk eller i to separate utgåver på bokmål og nynorsk.

Dei geografiske skilnadene går språkpolitisk gjennom fleire fylke, og i einskildtilfelle også gjennom enkeltkommunar. Dei er også stort sett på tvers av politiske ideologiar, men kanskje kan kva skriftspråk partiprogrammet er lagt fram på, seie noko om språkpolitisk identitet eller hegemoni i partia eller regionen.



Tabell: Språk i partiprogramma. Blått er bokmål, raudt er nynorsk og lilla er både nynorsk og bokmål. Dei svarte felta er parti som ikkje har lagt fram program i det fylket.

Medan språkpolitikken er bygd nedanfrå, er det mange andre delar av lokaldemokratiet som ikkje er bygde nedanfrå. Fylkeskommunale oppgåver er i praksis oftast å følgje opp statleg gitte rettar, lover og retningslinjer. Til dømes er utdanningspolitikken i praksis avgrensa til tilbodsstruktur og bygningsforvaltning. Utdanningsprogram, fagfordeling og læreplanar er nasjonalt fastsette.

Likevel tek nokre av fylkestingsprogramma opp nasjonale spørsmål dei ikkje kan endre på. Då tek dei i bruk verkemiddelet «forsøksordning». Dei ønskjer at fylket dei bur i, skal drive forsøk med det dei ønskjer skal bli nasjonal politikk.

I alle fylke utanom Vestland og Møre og Romsdal vil minst eitt parti gjere forsøk med å gjere sidemål til eit valfag, innføre éin karakter i norsk skriftleg eller kunne erstatte nynorsk- eller bokmålsopplæring med samiskopplæring. Då blir fylkestingsvalet, og kanskje særleg skulevala i vidaregåande opplæring, ein kamparena for nasjonale språkpolitiske konfliktar.



Tabell: Partia med grønt har teke standpunkt for å gjere sidemålsordninga valfri. Dei svarte felta er parti som ikkje har lagt fram program i det fylket. Dei kvite har lagt fram program, men meiner ikkje noko om sidemålsordninga.

Fylkeskommunane har større handlingsrom i språkpolitikken enn å be om forsøksordningar. Fylkeskommunane har språkpolitisk makt og mynde, og plutseleg kjem administrasjonen eller dei folkevalde sjølve på å nytte denne makta. Gjennom *lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold* og *lov om målbruk i offentleg teneste* kan fylkestinga vedta språk i kommunikasjon med staten, og dei har sjølv høve til å vedta eigne språkpolitiske retningslinjer, administrasjonsspråk, tenestespråk og reglar for språkkontakt med innbyggjarane.

Fylkeskommunen er i seg sjølv ein stor tekstprodusent, og han tilbyr tenester til relativt mange brukarar, gjennom kollektivtransport, vidaregåande opplæring, tannhelsetenesta og nokre andre brukarretta tenester. Han har direkte språkpolitiske oppdrag, gjennom vidaregåande opplæring og fagskular for ungdom og vaksne, bokmåls-, nynorsk-, samisk- og kvenskspråklege, innvandra og innfødde innbyggjarar.

Trass i dette er det mindre partia meiner om språk i valprogramma enn dei faktisk har mynde over. Språkpolitiske tema er lite nemnde i programma, og det er svært fragmentert kva emne og tiltak som blir omtalte. Sjølv om enkelte språkpolitiske tema er nemnde i fleire valprogram, er det svært få tema som går att mellom partia i det same fylket. Ikkje i noko fylke omtaler fleirtalet av partia norskopplæring for framandspråklege i vidaregåande opplæring. Det finst ikkje noko fylke der alle skriv om

framandspråkopplæringa i vidaregåande og tilbodet om språkfag for elevane. Ikkje i noko fylke skriv alle parti om å sikre retten til like læremiddel og lik opplæring uavhengig av førstespråk (til dømes nynorsk, bokmål, nordsamisk). Det finst heller ikkje noko fylke der alle partia omtaler administrasjonsspråket til fylket eller behovet for språkpolitiske planar.

Berre i tre fylke er det slike gjennomgåande tema: Alle parti med framlagde program i Vestland fylke utanom Miljøpartiet Dei Grøne har skrive noko om nynorsk som felles identitet og føreslår tiltak for å styrkje nynorsk skriftkultur. Alle parti med framlagde program i Troms og Finnmark gjer det same om nordsamisk språk, og alle utanom Kristeleg Folkeparti om kvensk/norskfinsk. I Trøndelag er det berre Framstegspartiet som ikkje skriv om tiltak for sørsamisk språk.

# Språk som identitet




Video: «Æ e Trønder», Trøndelag fylkeskommune 2018. Trykk på biletet samstundes som du held nede CTRL-tasten, så kjem du til videoen.

Trøndelag fylkeskommune var det første av dei nye fylka. Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag blei slått i hop allereie frå 2018, sjølv om det første fylkestingsvalet er i 2019. Fylkeskommunen bruker heilt medvite språk til å byggje felles identitet for det nye fylket. Noko av det første som kom på plass i det nye fylket, var eit sørsamisk namn. Idet dei nye fylkesgrensene var på plass, stod både Trøndelag og Tröndelage på skilt i hop med Olavskrossen på alle riksvegane.

Sommaren 2018 blei fylkessamanslåinga i Trøndelag ein snakkis i heile landet. Fylkeskommunen hadde klart noko så sjeldan som å lage ein artig, kanskje til og med rørande informasjonsvideo. Med blide tonar i dur frå eit piano smiler Idar Vollvik og syng «Om æ har hodet mitt på mange plassa, og latt mæ styre av for mang kompassa». Petter Northug jr. held fram med «Om æ har ramla sammenfalt ned, har æ reist mæ opp for det». Bonden Jon Fredrik syng «Om æ har drømt mæ bort, e rota festa. Har ikke dratt min kos, men blitt ved lesta.» «Om æ har famla gæli av sted, e æ her, æ e mee,» følgjer Sorgenfri-seljaren Odd Erling opp.

Videoen er teksta på dialekt. Om lag halvvegs blir også lyden av språk teken opp. Gutekoret i Nidarosdomen syng «Æ e me, å æ å e da deeet. Språket e en skala med vokala som fortælle alle kæm vi ee. Vi e mee, vi skape vår historie. Med spor i sand frå gutt til mann og vi e ikke redd for stemmeskifte». Frå klokkeklare røyster i Nidarosdomen flyttar videoen seg ut på bygda til Ellen Kristina, som syng «Trøndeer! Roehtsidie damtam Mijjieh gaajhkes seamma guvvesne».

Trønderdialekten av norsk og sørsamisk blir brukt som felles identitetsbyggjar i regionen. Det er noko som er unikt for området og felles for dei fleste som bur der. Likevel er

det få parti i fylkestingsvalet som tek til orde for tiltak som styrkjer dialektane og dialektbruken. Dialektbruk har blitt vanlegare i populærkulturen, media og marknadsføringa på 2000-talet, men nokre stader i landet er dialektane truga. Kommunane i Hallingdal har søkt staten om pengestøtte til å etablere eit prosjekt for å revitalisere og ta vare på dialektane i regionen. Også på grunn av språkteknologi kan dialektane bli truga, dersom ikkje ny talestyrt teknologi forstår det norske språkmangfaldet.

Fylkeskommunane har vore viktige pådrivarar for museums- og folkemusikkarkivinstitusjonane. Dei kunne også vore pådrivarar for god digital dokumentasjon av moderne dialektar, slik at dialektbruk kan vere mogleg i framtidige teknologiske løysingar, og på den måten leggje til rette for dialektbruk – også i framtida.

**Kommunikasjon, ikkje kultur**

Det er generelt sett ein tendens til at språk blir sett på som kommunikasjon, ikkje kultur, i fylkesprogramma. Mest synleg er dette for teiknspråk. Dei få fylkespartia som tek opp teiknspråk, tek det opp i samband med universell utforming, anna behov for tilrettelegging eller som skulefag. Kulturtilbod og fellesskapsarenaer for teiknspråk er ikkje tema i noko partiprogram.

Den klaraste tilnærminga til teiknspråk som eige språk er hos Vestfold og Telemark Venstre. Dei skriv: «Det nye fylket skal utarbeide en språkbruksplan som tar vare på de språklige rettighetene til innbyggerne, og som gjennomfører en politikk for å sikre gode bruksvilkår for nynorsk, bokmål og tegnspråk.»

Kommunikasjonsaspektet pregar også omtalen av nynorsk, dei samiske språka og kvensk/norsk-finsk. Språket skal først og fremst vere synleg for språkbrukarane sjølve. Mange parti parafraserer opplæringslova for å gjere det synleg at dei meiner at nynorsk- og bokmålselevar i vidaregåande opplæring skal ha rett til dei same læremidla. I Viken vil Sosialistisk Venstreparti særleg ha nynorsk kommunikasjon i det som gjeld nynorskkommunane. Mange av partia i Troms og Finnmark har programfesta behovet for samisk- og kvenskspråkleg kompetanse i fleire tenester, også i statleg tenestetilbod i fylket.

Omtalen av majoritetsspråket, norsk, er tydelegast i integreringspolitikken. Nesten alle som skriv noko om integrering, vil «styrke» norskopplæringa. Nokre parti vil også gjeninnføre morsmålsundervisning for framandspråklege. Det er ingen parti som tek til motmæle mot morsmålsundervisninga, men stoda dei fleste stader i landet er at framandspråklege elevar ikkje får morsmålsundervisning. Desse partia omtaler samstundes ofte at det er ein styrke med mange språk- og kulturbakgrunnar. Det overveldande fleirtalet omtaler ikkje dette. Dei som skriv om norsk språkkompetanse som utgangspunkt for integrering, anten dei er frå Sosialistisk Venstreparti eller Høgre, legg vekt på høvet til å delta i opplæring og arbeidsliv.






Tabell: Partia med grøn markering omtaler at det er viktig med norsk språkkompetanse for å integrere innvandrarar og flyktningar. Dei svarte felta markerer at partiet ikkje har lagt fram program og dei kvite at dei har ikkje meint noko om emnet.

## Identitetsberarane




Tabell: Partia med grøn markering omtaler samisk språk som ein positiv del av regionen. Dei svarte felta markerer at partiet ikkje har lagt fram program og dei kvite at dei har ikkje meint noko om emnet.




Tabell: Partia med grøn markering omtaler kvensk og/eller finsk språk som ein positiv del av regionen. Dei svarte felta markerer at partiet ikkje har lagt fram program og dei kvite at dei har ikkje meint noko om emnet.

Det er i Troms og Finnmark og Innlandet omgrepet «nasjonale minoritetar» har fått størst fotfeste i fylkespolitikken. Medan kvensk og norsk/finsk blir nemnde, også med spesifikke tiltak i Troms og Finnmark, blir ikkje språka rom og romani nemnd nokon stad i landet. Dei er framleis usynlege som del av den norske språkpolitikken regionalt.

Nokre fylkesparti har tydelegare språkpolitisk identitet enn andre. Mange parti i Troms og Finnmark nyttar formuleringar om regionen som eit møte mellom tre stammer: dei samiske, dei finske/kvenske og dei norske. Dette mangfaldet blir argumentert for som ein styrke for regionen. Arbeidarpartiet i Troms og Finnmark skriv at «samisk og kvensk kultur skal gjenspeiles i livene vi lever her nord». Kultur- og identitetsargumentasjon for samisk språk er mest tydeleg hos Arbeidarpartiet i Troms og Finnmark og i Nordland, hos Miljøpartiet Dei Grøne i Troms og Finnmark og Trøndelag, hos Venstre i Nordland og Trøndelag og hos Raudt og Sosialistisk Venstreparti i Trøndelag.

Dette blir følgt opp med mange konkrete tiltak for å styrkje det samiske. Partia som argumenterer med identitet for språkpolitiske tiltak, ser ut til å føreslå tiltak både innanfor forvaltning, tenesteproduksjon, opplæring, revitalisering/rekruttering/bevaring, historisk dokumentasjon og kulturproduksjon.

Dette pregar også partia i Vestland. Det er tydeleg at nynorsk er eit verkemiddel partia og fylkeskommunen nyttar for å byggje fellesskap. Høgre skriv det kanskje klarast, sjølv om dei ikkje har mange språkpolitiske tiltak: «Anten vi blir knytte saman av nynorsk kultur eller ferjer over fjorden, så er det den felles livskulturen her vest som gjer at Vestland fylke blir større enn summen av dei to fylka vi har i dag.» Folkeaksjonen nei til meir bompengar har den tydelegaste kulturpolitiske grunngivinga for nynorsktiltak: «Vestland er hovudregionen for nynorsk. Det store fleirtalet av kommunar i Vestland nyttar nynorsk som administrasjonsspråk. FNB ønskjer at nynorsken sin viktige posisjon skal sikrast, mellom anna gjennom vedtaket om nynorsk som administrasjonsspråk i Vestland fylkeskommune. FNB vil vidare arbeide for å auke medvitet om dei vestlandske dialektane og dei sentrale vestlandske forfattarane. Dette er viktige kultur- og identitetsberarar for nye generasjonar

vestlendingar.»

Folkeaksjonen nei til meir bompengar argumenterer for langt meir enn kommunikasjon. Dei seier også at litteraturen og forfattarskapa er ein avgjerande del av identiteten i regionen. Målet med språkpolitikken er ikkje å kunne kommunisere med innbyggjarane, men å byggje opp om ein felles kulturell identitet.

Venstre i Rogaland, Senterpartiet i Vestfold og Telemark, Senterpartiet og Raudt i Innlandet, Folkeaksjonen nei til meir bompengar, Senterpartiet og Venstre i Vestland er dei partia som er opptekne av nynorsk, og dei argumenterer mykje likt måten Arbeidarpartiet argumenterer for samisk i nord. Dei argumenterer for å verne og utvikle språket med mål om at det skal vere eit samfunnsberande språk, og kjem med mange enkelttiltak for å nå denne visjonen. Vidare argumenterer dei begge for at språkleg vern er viktig for å ta vare på identiteten til eit viktig kulturpolitisk mindretal, men også tiltaka dei foreslår, minner om kvarandre.

Ingen parti argumenterer identitetspolitisk for bokmålet. Høgre i Møre og Romsdal har omsut for bokmålsskrivande fylkeskommunale tilsette, men argumenterer økonomisk og praktisk, ikkje med identitet eller med utgangspunkt i forankringa bokmålet har i fylket. Det store fleirtalet nasjonalt ser ikkje ut til å ha behov for identitetsgrunngivinga. Hegemoniet er stort nok frå før.



Tabell: Partia med grøn markering omtaler nynorsk skriftspråk som ein positiv del av regionen. Dei svarte felta markerer at partiet ikkje  har lagt fram program og dei kvite at dei har ikkje meint noko om emnet.

# Viken

Viken utgjer alle kommunane i fylka Østfold, Akershus, Buskerud, Lunner og Jevnaker i Oppland og Svelvik i Vestfold. Østfold og Vestfold har vore dei einaste fylkeskommunane i landet med bokmål som administrasjonsspråk. Akershus, Buskerud og Oppland har hatt nøytralt administrasjonsspråk. Det står ingenting i samanslåingsavtalen mellom Akershus, Buskerud og Østfold om språk.

Gol, Hemsedal og Ål har vedtak om nynorsk som tenestespråk i kommunikasjon med staten. Ål og Gol har nynorsk administrasjonsspråk i kommunen. Berre i Ål har fleirtalet av elevane nynorsk i grunnskulen.

I sametingsvalet er heile fylket ein del av valkrinsen Sør-Noreg. Kommunar med over 30 registrerte i manntalet for sametingsvalet var Ås (31), Sarpsborg (34), Moss (34), Fredrikstad (41), Asker (41) Eidsvoll (43), Skedsmo (45), Ullensaker (48), Lørenskog (49), Drammen (57) og Bærum (101).

**Fylkestingsvalet 2019 i Viken**

| **Språktema i Viken** | SV | Ap | Sp | MDG | KrF | V | H | FrP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Klarspråk | | x | | | | | | |
| Norsk som integrering | x | x | | | x | | | x |
| Språklege rettar (bm./nn.) | x | | x | x | | x | | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | x | | x | | | x | | |
| Sidemål | | | | | | | x | x |
| Tiltak for nynorsk | x | | x | | | x | | |
| Framandspråkopplæring | | | | | | | x | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Viken.

I fylkestingsvalet skal innbyggjarane i Viken velje 87 representantar. Dei har 18 vallister å velje mellom. I dag er partia Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre representerte i alle tre fylkestinga.

Det har ikkje vore mogleg å finne publiserte program frå Alliansen, Demokratane, Folkeaksjonen nei til meir bompengar, Helsepartiet, Dei Kristne, Kystpartiet, Piratpartiet, Pensjonistpartiet og Raudt. Alle programma som er publiserte, er på bokmål. Senterpartiet har også lagt fram program på nynorsk.

*Arbeidarpartiet* skriv om integrering at «nøkkelen til god inkludering er språk og arbeid. Derfor ønsker Arbeiderpartiet å forbedre norskopplæringen ved å øke antall norsktimer og gjøre det mer praksisrettet ved å samarbeide tettere med næringslivet i Viken». I kapittelet om demokrati skriv partiet at dei vil «gjøre Viken og Vikens tjenester universelt utformet, både med tanke på fysisk, digital, og språklig tilgjengelighet», og om vaksenopplæring skriv partiet at «Arbeiderpartiet vil styrke voksenopplæringen og gi flere mulighet til å fylle på med kompetanse gjennom hele livet, enten du har behov for å formalisere utdanningen din, har behov for språklig påfyll, omskolering eller tette hull i kompetansen din»[2].

*Framstegspartiet* skriv i kapittelet om integrering at dei skal «ha fokus på språkopplæringen, samt stille språkkrav til ansatte med brukerkontakt». I skulekapittelet

[2]https://viken.arbeiderpartiet.no/politikken/, lesedato 18.7.2019.

skal dei «arbeide for valgfritt sidemål, og likestille samisk med sidemål»[3].

*Høgre* har i skulekapittelet programfesta at dei vil «søke om forsøksprosjekt med valgfritt sidemål i den videregående skolen». Partiet vil også etablere spesialgymnas, etter modell av toppidrettsgymnas, for språk- og realfag.[4]

*Kristeleg Folkeparti* vil i integreringskapittelet «tilby fleire språkpraksisplasser i fylkeskommunale virksomheter» og «videreutvikle konseptet med Innføringsklasse for minoritetsspråklige»[5].

*Liberalistane* skriv ingenting om språkpolitikk i programmet sitt.

*Miljøpartiet Dei Grøne* vil «håndheve og styrke elevenes språklige rettigheter, som retten til lærebøker på hovedmålet»[6].

*Senterpartiet* har eit eige kapittel om språkpolitikk der dei skriv at «det nye fylket skal utarbeide en språkpolitikk som tar vare på innbyggernes språklige rettigheter og som gjennomfører en politikk for å sikre gode bruksvilkår for både bokmål og nynorsk. Senterpartiet vil legge til rette for bruk av nynorsk i fylket, blant annet i fylkeskommunens egen kommunikasjon og i den videregående skolen»[7].

*Sosialistisk Venstreparti* skriv om administrasjon og demokrati at «det skal legges til rette for bruk av begge målformer i Viken. Administrasjonsspråket skal være valgfritt, men fylkeskommunen skal ta et særskilt ansvar for at informasjon og planer også er tilgjengelige på nynorsk, særlig i saker som er relevante for nynorskkommunene». Dei skriv også at «norskopplæringen for innvandrere må styrkes»[8].

*Venstre* skriv i kapittelet om moderne offentlege tenester at dei vil «at Viken skal ha en nøytral språkform og kunne bruke både bokmål og nynorsk i forvaltningen», og «at Viken fylkeskommune skal utarbeide en språkbruksplan som tar vare på de språklige rettighetene til innbyggerne, og som gjennomfører en politikk for å sikre gode bruksvilkår for både bokmål og nynorsk». I kapittelet «Skolen som lokal utviklingsmotor» skriv partiet at «Skolene i fylket sitter på mye kunnskap, og Venstre vil gjøre det lettere for fylkets 30-, 60- og 90-åringer og bli like kloke, språkmektige og digitale som barna. Derfor ønsker Venstre å åpne skoledørene i mye større grad for voksne enn det som er tilfellet i dag»[9].

---

[3] https://www.frp.no/ditt-fylke/viken/nyheter/2019/05/program-2019-2023, lesedato 18.7.2019.

[4] https://hoyre.no/viken/politikk/, lesedato 18.7.2019

[5] https://www.krf.no/globalassets/fylkesbilder/ostfold/viken-krf-program-2020-2023.pdf, lesedato 29.7.2019

[6] https://drive.google.com/file/d/13yesk2c4-nuxTSlW2lku6MO5mFRdb2DS/view, lesedato 18.7.2019

[7] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/viken/Valgprogam-copy.pdf/_/attachment/inline/08addc31-f921-45e4-befb-707ea9e14ad1:32a2cdcb4236d60c4f5bdd04bf6a9f3758df2cc2/Valgprogam.pdf, lesedato 17.7.2019.

[8] Utkast til valgprogram for Viken SV, https://www.sv.no/akershus/wp-content/uploads/sites/3/2019/01/2.-Valgprogram.pdf, lesedato 16.7.2019

Protokoll frå årsmøtet i Viken SV, https://www.sv.no/viken/wp-content/uploads/sites/51/2019/04/Protokol-%C3%A5rsm%C3%B8tet-Viken-SV-2019-underskriftversjon.pdf, lesedato 16.7.2019

Innstilling programforslag Viken SV, https://www.sv.no/akershus/wp-content/uploads/sites/3/2019/02/2.-valgprogram-innstilling2.pdf, lesedato 16.7.2019

[9] https://www.venstre.no/artikkel/2019/05/13/viken-venstres-valgprogram/, lesedato 29.7.2019

# Innlandet

Innlandet utgjer kommunane i Hedmark og Oppland unnateke Lunner og Jevnaker. Begge fylkeskommunane har vore språkpolitisk nøytrale, og i samanslåingsavtalen står det at også Innlandet skal vere språkleg nøytral.

Skjåk, Lom, Vågå, Nord-Fron, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang har vedtak om nynorsk som tenestespråk i kommunikasjon med staten. Nynorsk er dominerande i skulen i desse kommunane og i Dovre, Etnedal, Lesja og Sør-Fron. Det er også nynorskklassar i Sel og like mange nynorsk- og bokmålselevar i Sør-Aurdal.

Engerdal, Rendalen, Os, Tolga, Tynset og Folldal er ein del av Sørsamisk valkrins i sametingsvalet, og resten av kommunane er ein del av Sør-Noreg valkrins. Ingen kommunar hadde over 30 registrerte samiske veljarar i 2017.

**Fylkestingsvalet 2019 i Innlandet**

| **Språktema i Innlandet** | R | SV | Ap | Sp | KrF | V | H |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norsk som integrering | | X | | | | | X |
| Morsmålsopplæring | | X | | | | | |
| Dialekt | X | | | X | X | | |
| Språklege rettar (bm./nn.) | X | | | X | | | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | X | | | X | | X | |
| Sidemål | | | | | | | X |
| Tiltak for nynorsk | X | | | X | X | | |
| Nasjonale minoritetar | X | X | | X | | | |
| Tiltak for samisk | X | | | X | | X | |
| Teiknspråk | | | | X | X | X | |
| Framandspråkopplæring | | X | | | | | X |
| Språk i næringslivet | | | X | | | | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Innlandet.

I fylkestingsvalet skal innbyggjarane i Innlandet velje 57 representantar. Dei har 14 vallister å velje mellom. I dag er partia Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre representerte i begge fylkestinga og Pensjonistpartiet i Hedmark.

Til denne kartlegginga har det ikkje vore mogleg å finne programmet til partia Demokratane, Framstegspartiet, Helsepartiet, Liberalistane, Miljøpartiet Dei Grøne, Partiet Dei Kristne og Venstre. Alle programma som er publiserte, er på bokmål unnateke Senterpartiet, som har publisert programmet på både nynorsk og bokmål.

*Arbeidarpartiet* skriv i reiselivskapittelet sitt at dei vil «satse på reiselivsutdanning, vektlegge språkkompetanse og i samarbeid med næringa jobbe for å få flere læreplasser i reiselivet»[10].

*Høgre* vil at elevar med særleg talent i språkfag må «gis særlig annerkjennelse» og «gi yrkesfagelever mulighet for fordypning i språkfag», «at elever og studenter skal få økt internasjonal kunnskap og bevissthet ved å tilby en bred og utvidet språkopplæring, mer kunnskap og forståelse for fremmede kulturer, og en utvidet studentutveksling med andre land». I integreringskapittelet skriv Høgre at dei vil «ha tilpassede undervisningstilbud

10 https://res.cloudinary.com/arbeiderpartiet/image/upload/v1/ievv_filestore/dc631ee900b94ecca43f08fc4ced21e217f0450b38ec474186af6b9fd19c5d08, lesedato 18.7.2019

innenfor grunnskolen kombinert med språkopplæring for voksne innvandrere uten basisutdanning fra hjemlandet», og at partiet vil «prioritere språkopplæring». Partiet vil også «innføre forsøksordning med valgfritt sidemål i utvalgte skoler i Innlandet»[11].

*Kristeleg Folkeparti* vil «innføre tegnspråk som valgfag i ungdoms- og videregående skoler», «at dialektmangfoldet må styrkes og stimuleres. Det sikres best ved å framelske bruken av begge målformer i skole og kulturliv!»[12].

*Pensjonistpartiet* har ingen språkpolitiske punkt i programmet sitt.

*Raudt* har eit eige språkkapittel. Der står det at «det nye fylket har et særskilt ansvar for å ta vare på språkmangfoldet i Innlandet, sørsamisk språk og kultur. Vi har to områder med levende og lang nynorsktradisjon, Valdres og Nord-Gudbrandsdalen. Det er viktig å styrke mulighetene for nynorskbruk i videregående skole og det er viktig å sikre at det blir lett å være nynorsk-bruker i hele Innlandet. En god språkpolitikk er også en styrke for dialektene som er under press. Innlandet fylkeskommune skal være språknøytralt, og Rødt skal jobbe for at fylkeskommunen utarbeider en språkbruksplan, for å ta vare på de språkene vi bruker i Innlandet»[13].

*Senterpartiet* skriv i kapittelet «Kultur, identitet og tilhøyrsle»: «Språk er ein vesentleg del av den immaterielle kulturarven og kulturen. Det språklege mangfaldet i fylket, både nynorsk, bokmål, samisk og dialektar, må få gode bruks- og utviklingsmoglegheiter. Kultur er limet som knyter folk saman.» Dei listar opp desse konkrete tiltaka: «satse på ordningar for formidling av nynorske barne- og ungdomsbøker, sikre både nynorsk og bokmål som bruksspråk i fylkeskommunen, støtte og vidareutvikle regionen sine ur- og minoritetskulturar». I skulekapittelet vil Senterpartiet «sikre at det blir lagt til rette for at elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen lett kan halde fram med hovudmålet sitt etter overgang til vidaregåande skule» og tilby teiknspråk og blindeskrift som alternativ til framandspråk.[14]

*Sosialistisk Venstreparti* skriv i sitt program at «språklig mangfold er en ressurs for framtida. SV ønsker å fremme flerspråklighet i Innlandet gjennom en økt satsning på språkopplæring i skolen. Bokmål, nynorsk og samisk, samt andre- og tredjespråksopplæring og tegnspråk, skal ha en naturlig plass i det 13-årige skoleløpet. Minoritetsspråklige elever må sikres en god opplæring i både morsmål og norsk. Om inkludering skriv SV at språkopplæring er eitt av fleire gode verkemiddel for integrering. SV vil setje om alle sentrale dokument i Innlandet til dei vanlegaste minoritetsspråka. Partiet vil også gi ungdom kompetanse i språk ved å gi høve til å ta delar av læretida i utlandet. SV skriv vidare at «nasjonale minoriteter og sørsamisk kultur skal ytterligere løftes frem som en tydelig stolthetsfaktor i Innlandet»[15].

*Venstre* vil «bidra til at fylkeskommunen aktivt bruker begge målformer og støtte opp om sørsamisk og norsk tegnspråk som grunnleggende kulturbærere».[16]

---

[11] https://hoyre.no/innlandet/aktuelt/fylkestingsprogrammet_innlandet_hoyre/, lesedato 18.7.2019
[12] https://www.krf.no/globalassets/fylkesbilder/oppland/politisk-program-innlandet-2019-2023.pdf, lesedato 12.8.2019
[13] https://xn--rdt-0na.no/hedmark/program, lesedato 18.7.2019
[14] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/oppland/fylkestingsprogram-2019-2023-copy, lesedato 18.7.2019
[15] https://www.sv.no/hedmark/wp-content/uploads/sites/7/2019/01/H%C3%B8ringsutkast-fylkesvalgprogram.pdf, lesedato 18.7.2019
[16] https://www.venstre.no/artikkel/2018/06/18/politisk-program-2/, lesedato 12.8.2019

# Vestfold og Telemark

Vestfold og Telemark utgjer kommunane i dei tidlegare fylka med dei same namna, med unntak av Svelvik. Vestfold har vore bokmålsfylke og Telemark nøytralt. I samarbeidsavtalen står det at fylkeskommunen skal vere språkpolitisk nøytral.

Hjartdal, Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje er nynorskkommunar. Nynorsk dominerer i skulen i alle desse kommunane. Det er i tillegg nynorskklassar i Midt-Telemark og Drangedal.

Alle kommunane er ein del av Sør-Noreg valkrins i sametingsvalet. I 2017 var det registrert 33 samiske veljarar i Tønsberg. Elles var det ingen andre kommunar med over 30 registrerte.

**Fylkestingsvalet 2019 i Vestfold og Telemark**

| **Språktema i Vestfold og Telemark** | R | SV | Ap | Sp | MDG | V | H | FrP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norsk som integrering | | | ■ | | | | | |
| Dialekt | | | | ■ | | | | |
| Språklege rettar (bm./nn.) | | | | ■ | | ■ | | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | | ■ | | ■ | | | | |
| Sidemål | | | | | | | ■ | ■ |
| Tiltak for nynorsk | | | | ■ | | | | |
| Teiknspråk | | | | | | ■ | | ■ |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Vestfold og Telemark.

I fylkestingsvalet skal innbyggjarane i Vestfold og Telemark velje 61 representantar. Dei har 15 vallister å velje mellom. I dag er partia Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre representerte i begge fylkestinga og Raudt i Telemark.

Alle partia som har lagt fram program, har gjort det på bokmål. Til denne kartlegginga har det ikkje vore mogleg å finne programmet til partia Demokratane, Folkeaksjonen nei til meir bompengar, Helsepartiet, Kristeleg Folkeparti, Kystpartiet, Liberalistane, Partiet Dei Kristne eller Raudt.

*Arbeidarpartiet* skriv at dei vil «satse mer på opplæring for minoritetsspråklige, flyktninger og innvandrere»[17].

*Framstegspartiet* skriv «FrP vil at elevene skal slippe tvungen sidemålsopplæring og eksamen i sidemål. Vi ønsker å videreutvikle tegnspråk som eget fag»[18].

*Høgre* vil «søke om forsøkprosjekt med valgfritt sidemål i den videregående skolen», «sikre god norskopplæring for elever med innvandrerbakgrunn på videregående», «jobbe for at elever som har fritak fra vurdering i fremmedspråk skal få tilbud om undervisning i norsk eller engelsk» og «ha språkopplæring i våre skoler som er i tråd med næringslivets behov» [19].

*Miljøpartiet Dei Grøne* vil «ta vare på og dyrke kultur slik at vi får glede av mangfoldet

[17] https://issuu.com/hansjanohre/docs/vestfold_og_telemark_arbeiderparti, lesedato 18.7.2019

[18] «Sammen skaper vi Norges beste oppvekstfylke», upublisert program for Vestfold og Telemark FrP, lesedato 12.8.2019

[19] https://hoyre.no/vestfold-og-telemark/politikk/, lesedato 18.7.2019

vårt, i språk, næring og kunst»[20].

*Senterpartiet* skriv i kulturkapittelet sitt at «Vestfold og Telemark har utallige dialekter og to skriftspråk. Språk er en viktig del av vår identitetsfølelse, og Senterpartiet mener det er riktig å ta godt vare på begge målformene. Vi mener det er viktig med en språkbruksplan, for å sikre at skriftspråkene våre er likestilt, samt sørge for at Vinjesenteret realiseres»[21].

*Sosialistisk Venstreparti* skriv at «Vestfold og Telemark fylke blir en region rik på kultur og kulturminner, med en nasjonal viktig historie: Kystkultur og sjøfartshistorie, språk, tradisjoner og kulturelle fotavtrykk formet av landskap, vidder og skog». Dei skriv òg at «Vestfold og Telemark skal nytte begge målformer, både nynorsk og bokmål»[22].

*Venstre* meiner at «det nye fylket skal utarbeide en språkbruksplan som tar vare på de språklige rettighetene til innbyggerne, og som gjennomfører en politikk for å sikre gode bruksvilkår for nynorsk, bokmål og tegnspråk»[23].

---

[20] https://vestfoldogtelemark.mdg.no/files/2019/07/Program-2019-2023.pdf, lesedato 18.7.2019

[21] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/telemark/valgprogram.pdf/_/attachment/inline/4f877683-2a41-40c6-93c0-6190359d7c67:78a6ed25edddc00280345b43c1edc435957da07/valgprogram.pdf, lesedato 19.7.2019

[22] https://www.sv.no/vestfold-og-telemark/wp-content/uploads/sites/49/2019/02/Program-Vestfold-og-Telemark-SV-2019-2023-endelig-vedtatt.pdf, lesedato 19.7.2019

[23] https://www.venstre.no/assets/Vedtatt-program-Vestfold-og-Telemark-Venstre-2019-310319.pdf, lesedato 19.7.2019

# Agder

Agder er slått i hop av Aust-Agder og Vest-Agder. Språk er ikkje omtalt i utgreiinga eller avtalen om samanslåing. Begge fylka har vore språknøytrale.

Bygland, Valle, Bykle, Åseral og Hægebostad er nynorskkommunar. Nynorsk er dominerande i skulen i alle desse kommunane, i tillegg til Evje og Hornnes og Sirdal. Det er også nynorskklassar i nye Lyngdal kommune og i Kvinesdal.

Alle kommunane er ein del av Sør-Noreg valkrins i sametingsvalet. I 2017 var det registrert 30 veljarar i Arendal og 37 i Kristiansand.

**Fylkestingsvalet 2019 på Agder**

| **Språktema på Agder** | R | SV | Ap | Sp | MDG | V | H | FrP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norsk som integrering | | X | | X | X | | | |
| Språklege rettar (bm./nn.) | X | X | | | | X | | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | X | | | | | | | |
| Sidemål | | | | | | | | X |
| Tiltak for nynorsk | X | X | | | | | | |
| Teiknspråk | X | | | | | | | |
| Framandspråksopplæring | | | | | | | X | |
| Samisk i opplæringa | X | | | | | | | |
| Morsmålsopplæring | X | | | | | | | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet på Agder.

I fylkestingsvalet skal innbyggjarane i Vestfold og Telemark velje 49 representantar. Dei har 15 vallister å velje mellom. I dag er partia Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre representerte i begge fylkestinga, Pensjonistpartiet i Aust-Agder og Demokratane i Vest-Agder.

Senterpartiet har lagt fram fylkesvalprogrammet på nynorsk. Dei andre har gjort det på bokmål. Til denne kartlegginga har vi ikkje funne programmet til partia Pensjonistpartiet, Helsepartiet, Demokratane, Partiet Dei Kristne, Piratpartiet og Liberalistane.

*Arbeidarpartiet* har ingenting om språkpolitikk i fylkesvalprogrammet sitt.[24]

*Høgre* vil etablere eigne språklinjer i vidaregåande opplæring.[25]

*Framstegspartiet* vil gjere sidemål valfritt.[26]

*Kristeleg Folkeparti* har ingenting om språkpolitikk i fylkesvalprogrammet sitt[27].

*Miljøpartiet Dei Grøne* vil «styrke kompetansen om minoritetsspråklighet på de videregående skolene for å hindre at flerspråklige elever faller utenfor»[28].

*Raudt* vil «at elever i grunnskole og videregående skole skal kunne velge samisk som fag, uavhengig av etnisk bakgrunn», «sikre rett til kvalifisert tolk/tegnspråktolk ved bruk av offentlige tjenester», «gratis norskopplæring og opplæring i arbeidsnorsk til alle som trenger det», «at nasjonale minoriteter og minoritetsspråklige elever skal tilbys muligheten til

[24] https://agder.arbeiderpartiet.no/politikken/forslag-til-fylkestingsprogram-2019-2023/, lesedato 19.7.2019
[25] https://hoyre.no/agder/politikk/, lesedato 19.7.2019
[26] https://www.frp.no/ditt-fylke/agder/aktuelt/2019/06/program-2019-2023, lesedato 19.7.2019
[27] https://www.krf.no/partiorganisasjonen/fylkes-og-lokallag/agder/fylkestingsprogram-agder-2019-2023/, lesedato 19.7.2019
[28] https://agder.mdg.no/files/2019/07/MDG-AGDERS-PROGRAM-19-23.pdf, lesedato 29.7.2019

opplæring i eget språk i skolen» og «styrke bruk av nynorsk i det offentlige Agder, også i fylkeskommunens kommunikasjon og publikasjoner»[29].

*Senterpartiet* har ingenting om språkpolitikk i programmet sitt.[30]

*Sosialistisk Venstreparti* vil «styrke norskopplæringen for minoritetsspråklige elever», «utarbeide en språkbruksplan som tar vare på de språklige rettighetene til innbyggerne, og som gjennomfører en politikk for å sikre gode bruksvilkår for både bokmål og nynorsk», «kurse lærere og sette i gang forsøk som kan styrke nynorsk både som hovedmål og sidemål» og «at en rimelig del av publikasjonene frå fylkeskommunen er på nynorsk»[31].

*Venstre* vil «utarbeide en språkbruksplan som tar vare på de språklige rettighetene til innbyggerne, og som gjennomfører en politikk som sikrer gode bruksvilkår for både bokmål og nynorsk»[32].

[29] https://xn--rdt-0na.no/agder/program, lesedato 19.7.2019
[30] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/agder/fylkestingsvalgprogram-2019-2023-copy, lesedato 19.7.2019
[31] https://www.sv.no/agder/vi-mener/program-for-agder-sv-2020-2023/, lesedato 19.7.2019
[32] https://www.venstre.no/artikkel/2019/02/03/fylkesprogram-vedtatt/, lesedato 19.7.2019

# Rogaland

Rogaland er eit språknøytralt fylke.

Bjerkreim, Klepp, Time, Forsand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Bokn, Tysvær og Vindafjord er nynorskkommunar. Nynorsk er dominerande i skulen i Bjerkreim, Bokn, Hjelmeland, Hå, Klepp, Sauda, Strand, Suldal, Time og Vindafjord. Det er også nynorskklassar i nye Sandnes kommune, nye Stavanger kommune, Gjesdal, Karmøy, Sola og Tysvær.

Alle kommunane er ein del av Sør-Noreg valkrins i sametingsvalet. I 2017 var det registrert 73 veljarar i Stavanger.

**Fylkestingsvalet 2019 i Rogaland**

| **Språktema i Rogaland** | R | SV | Ap | MDG | Sp | V | H | FrP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norsk som integrering | | | | | | | X | |
| Språklege rettar (bm./nn.) | | | | | X | X | | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | | | | | | X | | |
| Sidemål | | | | | | | X | |
| Tiltak for nynorsk | | | | | | X | | |
| Bibliotek som språkarena | | | X | | | | | |
| Framandspråksopplæring | | | | | | | X | |
| Klarspråk | | | | | | X | X | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Rogaland.

I fylkestingsvalet skal innbyggjarane i Rogaland velje 47 representantar. Dei har 15 vallister å velje mellom. I dag er Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre representerte i fylkestinget.

Framstegspartiet og Arbeidarpartiet har lagt fram program på bokmål og nynorsk, Raudt, SV og Senterpartiet på nynorsk og dei andre partia på bokmål. Programma til Demokratane, Folkeaksjonen nei til meir bompengar, Partiet Dei Kristne, Liberalistane og Pensjonistpartiet har vi ikkje funne.

*Arbeidarpartiet* vil «styrka dei regionale biblioteka som arenaer for leselyst, norsk språk og kulturopplevingar»[33].

*Framstegspartiet* har ikkje noko om språk i programmet sitt.

*Høgre* går til val på at Rogaland skal «bli en klarspråk fylkeskommune», «arbeide for å styrke norskopplæringen til minoritetsspråklige», «jobbe for at flere elever kan reise på studie- og språkturer», «sikre mangfold av språkfag til elevene» og «innføre én karakter i norsk skriftlig»[34].

*Kristeleg Folkeparti* har ikkje noko om språkpolitikk i programmet sitt.

*Miljøpartiet Dei Grøne* skriv at «De Grønnes kulturpolitikk skal stimulere skaperkraft og engasjement i Rogaland slik at vi får enda større glede av mangfoldet vårt, i blant annet språk, historie, næring og kunst»[35].

*Raudt* har ikkje noko om språkpolitikk i programmet sitt.

*Senterpartiet* vil «at digitale tenester og programvare skal liggje føre på både nynorsk

[33] https://rogaland.arbeiderpartiet.no/politikken/program-2019-2023/, lesedato 19.7.2019

[34] https://hoyre.no/rogaland/aktuelt/programkomiteen_legger_frem_forslag_til_fylkestingsprogram/, lesedato 19.7.2019. NB! Dette er eit utkast. Endeleg program er ikkje funne til framlegginga.

[35] https://rogaland.mdg.no/wp/files/2019/08/Ferdig-mdg-rogaland-langt-1.pdf lesedato 12.8.2019

og bokmål»[36].

*Sosialliberalt parti* har ikkje noko om språkpolitikk i programmet sitt.

*Sosialistisk Venstreparti* har ikkje noko om språkpolitikk i programmet sitt.

*Venstre* skriv i skulekapittelet sitt at dei vil «bevisstgjøre skolene i overgangen mellom grunnskole og videregående for å motvirke skifte av skriftspråk». I eit eige kapittel om nynorsk kulturarv skriv partiet at «Rogaland er hjem for både nynorsk- og bokmålsbrukere og skal være et fylke der det er like naturlig å skrive nynorsk som bokmål. Fylkeskommunen må bidra til at nynorskbrukere får oppfylt sine språklige rettigheter. Venstre vil utarbeide en språkbruksplan og språkregler for fylkeskommunen, med mål om å styrke nynorskens posisjon». Dei har også eit punkt om klarspråk: «Venstre vil at det skal brukes et forståelig, konkret og klart språk i alle saksframstillinger i fylkeskommunen.»[37]

[36] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/rogaland/fylkestingsvalet-2019-programmet, lesedato 19.7.2019

[37] https://www.venstre.no/assets/Rogaland_2019_Brosjyre_Fylkesprogram_Rogaland_Web.pdf, lesedato 19.7.2019

# Vestland

Alle kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane utanom Hornindal blir del av Vestland fylkeskommune. Begge fylkeskommunane har nynorskvedtak i dag, og det skal også det nye fylket ha.

Det er ingen bokmålskommunar i fylket, og det er nynorskelevar i alle kommunar. Berre i Bergen og Askøy er ikkje nynorsk det dominerande språket i skulen.

Heile fylket er del av Sør-Noreg valkrins til sametingsvalet. Det er registrert 137 veljarar i Bergen.

**Fylkestingsvalet 2019 i Vestland**

| **Språktema i Vestland** | R | SV | Ap | Sp | MDG | FNB | KrF | V | H |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norsk som integrering | | X | | X | | | X | | |
| Språklege rettar (bm./nn.) | | X | X | X | | | X | X | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | | X | | X | | X | | X | |
| Tiltak for nynorsk | X | X | X | X | | X | X | X | |
| Dialekt | | | | | | X | | | |
| Nynorsk som kulturell identitet | | | | | | X | X | X | X |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Vestland.

I fylkestinget kan innbyggjarane i Vestland velje 65 representantar, og dei har 17 lister å velje mellom. Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne, Kristeleg Folkeparti, Venstre, Høgre og Framstegspartiet er representerte i begge fylka, Raudt i Hordaland. Alle partia som er med i oversynet, har berre lagt fram program på nynorsk. Det har ikkje vore mogleg å finne publiserte program frå Demokratane, Helsepartiet, Liberalistane, Norges Kommunistiske Parti, Partiet Dei Kristne, Pensjonistpartiet, Piratpartiet og Framstegspartiet.

*Arbeidarpartiet* vil «styrke nynorsken, Hordaland Teater og Sogn og Fjordane Teater» og «oppgradere digitale læringsverktøy og sikre at dei er tilgjengelege i begge målformer»[38].

*Folkeaksjonen nei til meir bompengar* skriv: «Vestland er hovudregionen for nynorsk. Det store fleirtalet av kommunar i Vestland nyttar nynorsk som administrasjonsspråk. FNB ønskjer at nynorsken sin viktige posisjon skal sikrast, mellom anna gjennom vedtaket om nynorsk som administrasjonsspråk i Vestland fylkeskommune. FNB vil vidare arbeide for å auke medvitet om dei vestlandske dialektane og dei sentrale vestlandske forfattarane. Dette er viktige kultur- og identitetsberarar for nye generasjonar vestlendingar.[39]

*Høgre* skriv: «Anten vi blir knytte saman av nynorsk kultur eller ferjer over fjorden, så er det den felles livskulturen her vest som gjer at Vestland fylke blir større enn summen av dei to fylka vi har i dag.»[40]

*Kristeleg Folkeparti* vil «gje språklege minoritetar opplæring av god kvalitet», «auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk» og «at regionen skal vere ein pådrivar slik at elevar som nyttar nynorsk får tilbod om lærebøker og dataprogram på linje

[38] https://hordaland.arbeiderpartiet.no/politikken/fylkesvalprogram-for-vestland-arbeidarparti-2019-2023/, lesedato 19.7.2019

[39] https://www.neitilmerbompenger.no/wp-content/uploads/2019/05/FNB-Vestland-program-2019-2023.pdf, lesedato 19.7.2019

[40] https://hoyre.no/vestland/politikk/, lesedato 19.7.2019

med, og til same tid og pris som, bokmålselevar»[41].

*Miljøpartiet Dei Grøne* har ingen programtekst om språkpolitikk.[42]

*Raudt* skriv at «nynorsken, det rusfrie kulturtilbodet og det frivillige studiearbeidet må styrkast»[43].

*Senterpartiet* har eit eige språkpolitisk kapittel. Der står det: «Språkpolitikken i Vestland fylke må ha vern om og utvikling av nynorsk som fullgodt språk på alle samfunnsområde som eit høgt prioritert satsingsområde. Senterpartiet vil: at Vestland fylke skal ha nynorsk som administrasjonsspråk, arbeide for å styrke nynorsk språk i nasjonal språkpolitikk, utvikle samarbeidet mellom det offentlege, kulturfeltet, næringslivet og frivillige om språkpolitisk arbeid, sikre produksjon og formidling av nynorsk litteratur gjennom m.a. Sogn og Fjordane Teater, Hordaland Teater, biblioteka, den kulturelle skulesekken, den kulturelle spaserstokken og kulturskulane, arbeide for at kommunane tek eit aktivt val om nynorsk som administrasjonsspråk, og at det skal verte utarbeidd ein språkpolitisk plan med særleg fokus på born og unge, støtte arbeidet med utvikling av nynorskhus i Førde og Bergen, at Olav H. Hauge-senteret og andre kultursenter vert nytta til å formidle den nynorske skriftkulturen til elevar og studentar.» Partiet vil også «sikre at elevane får læremiddel på eige skriftspråk og motivere for å halde fram med nynorsk som skriftspråk». Senterpartiet vil dessutan opprette fleire yrkesretta utdanningsløp for innvandrarar, med stor vekt på språktrening og skriv om biblioteka at «[dei] er sentrale i arbeidet for å fremje nynorsk språk og sikra tilgangen på nynorsk litteratur til born og ungdom»[44].

*Sosialistisk Venstreparti* vil tilby flyktningar og andre med minoritetsspråkleg bakgrunn god språkopplæring forankra i bedrift, «arbeida for å styrka nynorsken sin plass, både i skulen og som administrasjonsspråk», «etablera Nynorskens hus». Partiet skriv at «det nye fylket skal ha nynorsk som offisiell målform. I skuleverket må skriftmålet styrkast, blant anna gjennom læremiddel, programvare og haldningsskapande arbeid mellom lærarar. Lærarar og andre tilsette i fylkeskommunal verksemd må få tilbod om kurs i nynorsk ved behov»[45].

*Venstre* skriv i innleiinga til programmet sitt: «Nynorsk er ein viktig del av vestlendingen sin identitet som det offentlege har eit ansvar for å ta vare på. Sjølv om nynorsken står støtt i Vestland fylke, er språket under press. Vestland fylke må ha nynorsk som administrasjonsspråk. Det nye fylket vil vere ein stor og viktig tekstprodusent som kan bidra til at innbyggarane møter meir nynorsk i sin bokmålsdominerte kvardag. Vestland fylke må verne om og utvikle nynorsk som eit fullgodt bruksspråk på alle område i samfunnet.» Partiet har med desse punkta: Venstre vil «stadfeste nynorsken sin plass på alle område i samband med fylkessamanslåinga», «at Vestland fylke skal ha nynorsk som administrasjonsspråk», «at alle tekstar som fylkeskommunen betaler eksterne tekstprodusentar for, bør leverast på nynorsk», «alle underavdelingar av fylkeskommunen

---

[41] https://www.krf.no/partiorganisasjonen/fylkes-og-lokallag/sognogfjordane/politisk-program-vestland/, lesedato 19.7.2019

[42] https://vestland.mdg.no/files/2019/05/program-web-099-pluss.pdf, lesedato 19.7.2019

[43] https://xn--rdt-0na.no/hordaland/program, lesedato 19.7.2019

[44] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/vestland/valgprogram.pdf/_/attachment/inline/d13b3e03-e015-4a0d-97fd-49a01409f7b2:00aa572b2b1725126c9da61b8f49841b5fc037af/valgprogram.pdf, lesedato 21.7.2019

[45] https://www.sv.no/vestland/wp-content/uploads/sites/53/2019/06/Fylkestingsprogram-til-nettside.pdf, lesedato 21.7.2019

skal bruke nynorsk i heile fylket», «arbeide for at kommunane tek eit aktivt val om nynorsk som administrasjonsspråk», «leggje til rette for at nynorskelevar held på nynorsken gjennom heile den vidaregåande skulen, og setje i verk tiltak for å stogge språkskiftet frå nynorsk til bokmål somme stadar i fylket», «at alle dei vidaregåande skulane må administrere seg og marknadsføre seg på nynorsk», «utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule». I kulturkapittelet skriv dei: «Venstre vil sikre nynorsk i opplæring og næringsliv, forvaltning og kultur. Mellom anna vil vi styrke nynorske kulturelle fyrtårn som Nynorskens Hus i Førde og Hordaland Teater i Bergen. Vestland Venstre vil løfte fram nynorske forfattarar som Olav H. Hauge og Jakob Sande, men også stimulere til ny nynorsk litteratur.» Partiet vil også «auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken», «stø arbeidet med utviklinga av Nynorskens Hus i Bergen og i Førde» og «bruke Ivar Aasen-tunet (Ørsta) og Olav H. Hauge-senteret aktivt for å formidle den nynorske skriftkulturen til elevar i fylket»[46].

[46] https://www.venstre.no/artikkel/2019/06/26/fylkesvalprogrammet-2020-2023/, lesedato 21.7.2019

# Møre og Romsdal

Nye Møre og Romsdal fylkeskommune er utan Rindal og Halsa (som går til Trøndelag), men får med seg Hornindal (som slår seg i hop med Volda og byter fylke frå Vestland). Fylkeskommunen har nynorskvedtak.

Ingen kommunar har frå 1.1.2020 bokmålsvedtak (berre Vestland er i same situasjonen). Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda, Ørsta, Fjord, Stranda, Sykkylven, Sula, Giske, Vestnes, Aukra og Surnadal er nynorskkommunar. Nynorsk er dominerande i skulen i alle desse kommunane og i Aure. I tillegg er det nynorskelevar i Sunndal, Gjemnes, Rauma og nye Molde. I nye Ålesund er det strid om tenestespråket og nokre fleire bokmålselevar enn nynorskelevar.

Heile fylket utanom Surnadal er del av Sør-Noreg valkrins til sametingsvalet. Surnadal og Sunndal høyrer til Sørsamisk valkrins. Ingen kommunar har over 30 registrerte samiske veljarar.

**Fylkestingsvalet 2019 i Møre og Romsdal**

| **Språktema i Møre og Romsdal** | SV | Ap | Sp | MDG | KrF | V | H |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Norsk som integrering | X | X | | | X | X | |
| Språklege rettar (bm./nn.) | | | X | | | X | |
| Administrasjonsspråk (bm./nn.) | X | | | | | | X |
| Tiltak for nynorsk | X | | | X | | | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Møre og Romsdal.

I fylkestinget kan innbyggjarane i Møre og Romsdal velje 65 representantar, og dei har 17 lister å velje mellom. Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Nordmørslista, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Sunnmørslista Tverrpolitisk liste for Sunnmøre, Uavhengig Valliste for Sunnmøre og Venstre sit i fylkestinget i dag.

Senterpartiet, Miljøpartiet Dei Grøne og Kristeleg Folkeparti har lagt fram program på nynorsk, Arbeidarpartiet og Venstre på bokmål og Sosialistisk Venstreparti og Høgre på både bokmål og nynorsk. Det har ikkje vore mogleg å finne publiserte program frå Demokratane, Helsepartiet, Liberalistane, Norges Kommunistiske Parti, Partiet Dei Kristne, Pensjonistpartiet, Raudt, Sunnmørslista Tverrpolitisk liste for Sunnmøre, Uavhengig Valliste for Sunnmøre, Piratpartiet og Framstegspartiet.

*Arbeidarpartiet* vil «foreslå at det utarbeides en fylkeskommunal tiltaksplan for minoritetsspråklige elever»[47].

*Høgre* vil «innføre nøytral skriftlig målform i Møre og Romsdal fylkeskommune, for å gi de ansatte frihet til å velge hvilket språk de vil skrive, rekruttere bredere og bruke mindre ressurser på å lese korrektur»[48].

*Kristeleg Folkeparti* vil opprette fleire innføringsklassar i norsk språk, kultur og samfunnsliv.

---

[47] http://bucketeer-872a238d-0b7b-4798-b9c6-e4c3017eac3e.s3.amazonaws.com/sanity_uploads/programme/unit_16/attachment/14/endelig-fylkestingsprogram.pdf, lesedato 21.7.2019

[48] https://hoyre.no/moreogromsdal/politikk/, lesedato 21.7.2019

*Miljøpartiet Dei Grøne* vil «styrke det nynorske skriftspråket i skulen»[49].

*Nordmørslista* har ingen språkpolitiske punkt i partiprogrammet sitt.

*Senterpartiet* «vil at skulebøker og digitalt skulemateriell skal finnast på både bokmål og nynorsk samtidig»[50].

*Sosialistisk Venstreparti* vil «styrke språkopplæringa til asylsøkarar, flyktningar og innvandrarar elles med dei verkemiddel som høver», «sikre nynorsk som administrasjonsmål, og vere pådrivar for gode tilbod til nynorskelevar i skulen og gode kulturtilbod på nynorsk for alle»[51].

*Venstre* vil «gi god basisgrunnopplæring til fremmedspråklige elever» og «både lærebøker og digitale læremiddel skal være kjøpte inn på både nynorsk og bokmål»[52].

---

[49] https://moreogromsdal.mdg.no/program-2019-2023/, lesedato 21.7.2019

[50] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/more-og-romsdal/Valgprogram.pdf/_/attachment/inline/e259fcae-83ac-4f6d-b5d5-6be16ad37d06:7be3119ada8743067cfd4cba4d83319556b17ee9/Valgprogram.pdf, lesedato 21.7.2019

[51] https://www.sv.no/more-og-romsdal/wp-content/uploads/sites/15/2017/02/Valgprogram-M%C3%B8re-og-Romsdal-SV-2019-1.pdf, lesedato 21.7.2019

[52] https://www.venstre.no/assets/Fylkesprogram-2019.pdf. Lesedato 29.7.2019.

# Trøndelag

Trøndelag fylkeskommune består av alle kommunane i Nord- og Sør-Trøndelag og Rindal og Halsa frå Møre og Romsdal. Fylkeskommunen har nøytralt administrasjonsspråk.

Ingen kommunar har nynorskvedtak, og det er ingen nynorskklassar i fylket. Det store fleirtalet av kommunane i fylket er språknøytrale.

Heile fylket høyrer til Sørsamisk valkrins i sametingsvalet. Røyrvik hadde i 2017 39 registrerte, Røros 83, Snåsa 62, Steinkjer 42, Størdal 30 og Trondheim 259 veljarar. Trøndelag fylkeskommune og kommunane Snåsa, Røyrvik og Røros er ein del av forvaltningsområdet for samisk språk.

**Fylkestingsvalet 2019 i Trøndelag**

| **Språktema i Trøndelag** | R | SV | Sp | MDG | V | KrF | H | FrP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sidemål | | | | | | | X | X |
| Norsk som integrering | | X | | X | | X | X | |
| Tiltak for samisk | X | X | X | X | X | X | X | |
| Tiltak for teiknspråk | | | | X | X | | | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Trøndelag.

Det er 59 medlemer i fylkestinget i Trøndelag. I dag er Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet, Kristeleg Folkeparti, Venstre, Høgre og Framstegspartiet representerte i begge fylka, og Raudt og Pensjonistpartiet i Sør-Trøndelag. 15 parti stiller liste i Trøndelag. Alle partia som har lagt fram program, har gjort det på bokmål. Vi har ikkje funne programmet til Arbeidarpartiet, Demokratane, Helsepartiet, Liberalistane, Partiet Dei Kristne, Pensjonistpartiet eller Piratpartiet.

*Framstegspartiet* skriv at «elevene i Trøndelag bør også ha frihet til å velge bort sidemål. Fremskrittspartiet vil derfor at det søkes til departementet om deltakelse i forsøksordning med valgfritt sidemål», og at dei vil «søke om forsøksordning for valgfritt sidemål»[53].

*Høgre* vil «søke om forsøksordning der den skriftlige delen av sidemålsopplæringen gjøres til et eget valgfag», «forsterke innsatsen for de som har havnet utenfor arbeidslivet, enten det skyldes sykdom, funksjonsnedsettelse, språkferdigheter, eller andre forhold» og «legge til rette for at samisk næring, kunst og kultur kan formidles på en god måte, blant annet gjennom Saemien Sijte»[54].

*Kristeleg Folkeparti* vil «styrke språkopplæringen for alle innvandrere». I tillegg har partiet eit eige kapittel om sørsamisk kultur. Partiet skriv mellom anna at det vil «opprettholde sørsamisk språk, kultur og næringsliv. Her spiller de sørsamiske sentrene Saemien Sijte og Aajege en viktig rolle». Vidare vil KrF «tilrettelegge slik at sørsamisk kultur og språk blir tatt vare på, både for å sikre kulturarven som grunnlag for kulturbasert næringsutvikling»[55].

*Miljøpartiet Dei Grøne* vil «styrke innsamling av den immaterielle kulturarven i Trøndelag, som språk, sagn, mattradisjoner og tradisjonshåndverk». Dei har også eit eige kapittel om sørsamisk kultur og næring. Der står det med anna: «De Grønne ønsker å støtte opp om det spesielle ansvaret fylkeskommunen har for sørsamisk kultur og språk, som er

---

[53] https://www.frp.no/ditt-fylke/trondelag/aktuelt/2019/07/valgprogram-2019-2023, lesedato 21.7.2019

[54] https://hoyre.no/trondelag/politikk/, lesedato 21.7.2019

[55] https://www.krf.no/partiorganisasjonen/fylkes-og-lokallag/trondelag/fylkestingsprogram-2019-2023/, lesedato 21.7.2019

unikt for vårt område. Reindrifta er en av hovedarenaene for bevaring av det sørsamiske språket og kulturen, og er under stort press fra utbygging av vind- og vannkraft. […] De Grønne vil […] at den sørsamiske kulturen ivaretas bedre, blant annet gjennom sterkere vern av livsgrunnlag, kulturminner, utdanningstilbud på alle nivå og støtte til sørsamiske medier, støtte og styrke Nord Universitets rolle som nasjonalt ansvarlig universitet for sørsamisk språk og kultur, arbeide for at samiske språk styrkes, blant annet ved økt støtte til oversettelse av litteratur og film.» Partiet skriv også at det vil «gi norsk tegnspråk større plass i det offentlige rom», og «at det opprettes egne innføringsklasser for minoritetsspråklige elever»[56].

*Raudt* har eit eige kapittel som heiter «Trøndelag er et sørsamisk fylke». Der skriv dei: «Den norske staten er bygd på territoriet til to folk: det samiske og det norske. Det må gjennomsyre arbeidet på alle plan i stat, fylke og kommuner, slik at samiske nasjonale, kulturelle og territorielle interesser blir vurdert i all samfunnsplanlegging der det er relevant, både innenfor næringsutvikling, miljøvern, helse og utdanning og andre. Rødt vil jobbe for: at alle elever i norsk grunnskole og videregående skole skal ha rett til å velge samisk som fag, uavhengig av egen etnisk bakgrunn, at samisktalende elever skal ha lovfestet individuell rett til undervisning på samisk, at samiske elever så langt det er mulig skal ha rett til å velge samisk læreplan uavhengig av hvor i landet de bor, og lærere må få utdanning til å gi undervisning også etter samisk læreplan, å gi skoler i samiske områder et særskilt vern mot nedlegging og jobbe for opprettelsen av 'samisk rom' i Trondheim.»[57]

*Senterpartiet* skriv at «fylkesbiblioteket har i samarbeid med andre bidratt til flere bøker på samisk. Dette er viktig både for å få et bedret tilbud, men også som ledd i å bevare det sørsamiske språket. Den samiske befolkningen må få et bredere boktilbud på samisk»[58].

*Sosialistisk Venstreparti* har eit eige kapittel om samisk språkopplæring: «For å sikre og bevare samisk kultur er det samiske språket viktig. Trøndelag fylkeskommune er blitt en fylkesforvaltningskommune for samisk språk. SV mener det er Trøndelag fylkeskommune som har ansvar for å legge til rette for samisk språkopplæring for de som ønsker det og har rett til samisk språkopplæring. Trøndelag SV vil styrke samisk språk og kulturopplæring i barnehage og skole.» Dei skriv også at «ungdom og voksne med flerspråklig bakgrunn må gis tilpasset opplæringstilbud i den videregående skolen. Dette vil gjøre det lettere for flere å kunne vise sin kompetanse. Vi vil derfor gi flere og bedre støtteordninger rettet mot fremmedspråklige elever»[59].

*Venstre* skriv at «tamreindrifta er en næring som Venstre ønsker å sikre framtida for i Trøndelag. Den er den avgjørende kulturbærer for vår sørsamiske urbefolkning og deres utsatte språk». Om det samiske skriv dei også: «Trøndelag er et samisk fylke. Vi har et stort, og delvis uforløst, potensial innenfor samisk språk og kultur. Venstre er glade og stolte over at samisk språk, kultur, næring og naboskap er del av det trønderske. Vi vil løfte fram og synliggjøre samisk kultur og språk. Tråante 2017 var bare et startskudd. Vi vil satse på kartlegging av samiske kulturminner. Vi vil sikre flagging både 6. februar og 29. november på alle fylkeskommunale bygg og bruke tospråklig logo på fylkeskommunal

---

[56] https://trondelag.mdg.no/hele-valgprogrammet-for-2019-2023/, lesedato 21.7.2019
[57] https://xn--rdt-0na.no/trondelag/program, lesedato 21.7.2019
[58] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/trondelag/valgprogram.pdf/_/attachment/inline/6da894ce-f179-4ca2-ab77-eb83aa094523:06325f7d71fc68ffefdd533aedba26b31bf72fb9/Fylkestingsprogram%202019-2023.pdf, lesedato 21.7.2019
[59] https://www.sv.no/trondelag/vi-mener/, lesedato 22.7.2019

kommunikasjon.» Dei skriv vidare at dei vil «gjøre språkfaget tegnspråk søkbart for flere elever i fylket, evt ved flere skoler»[60].

[60] https://www.venstre.no/artikkel/2019/05/24/valgprogram-trondelag/, lesedato 22.7.2019

# Nordland

Nordland fylkeskommune er dei same kommunane som Nordland utanom Tjeldsund. Fylkeskommunen har nøytralt administrasjonsspråk og er del av det samiske forvaltningsområdet.

Ingen kommunar har nynorskvedtak, og det er ingen nynorskklassar i fylket. Det store fleirtalet av kommunane i fylket er språknøytrale.

Fylket er i sametingsvalet delt mellom Sørsamisk valkrins (Rana og Rødøy og sørover) og Vesthavet valkrins (Saltdal, Beiarn og Meløy og nordover). Kommunane med flest registrerte veljarar er Tysfjord (284), Bodø (224), Narvik (168), Rana (113), Sortland (68), Fauske (63), Evenes (56), Hemnes (41), Ballangen (40), Grane (38), Vefsn (37), Saltdal (37), Hattfjelldal (32), Hamarøy (30) og Vestvågøy (30). Tysfjord og Hattfjelldal er del av forvaltningsområdet for samisk språk.

### Fylkestingsvalet 2019 i Nordland

| **Språktema i Nordland** | R | SV | Ap | Sp | V | KrF | H | FrP |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sidemål | | | | | | | | X |
| Framandspråksopplæring | | | | | X | | X | |
| Klarspråk | | | | | | | X | |
| Tiltak for samisk | | | X | X | X | X | | |
| Tiltak for teiknspråk | | | | | | X | | |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Nordland.

Det er 45 medlemer i fylkestinget i Nordland. I dag er Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Høgre, Kristeleg Folkeparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Raudt, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre representerte. 14 parti stiller liste. Alle partia som har lagt fram program, har gjort det på bokmål. Vi har ikkje funne programmet til Demokratane, Partiet Dei Kristne, Liberalistane, Norges Kommunistiske Parti, Miljøpartiet Dei Grøne og Pensjonistpartiet.

*Arbeidarpartiet* skriv: «Vi vil sikre gode rammevilkår for samiske språk, kultur, næringsliv og samfunnsliv. Den samiske befolkningen skal ha reell mulighet til å lære samisk, bruke det i hverdagen og kunne overlevere det til neste generasjon. Språket er nøkkelen til å bevare og utvikle kultur. I Nordland har vi tre samiske språkgrupper. Vi er tildelt forvaltningsansvaret for det lulesamiske språkområdet. Det er et språk som er sårbart og truet. For Nordland Arbeiderparti er det viktig å styrke arbeidet med det lulesamiske språket, i tillegg til de to andre samiske språkene. Det er derfor viktig å legge til rette for at miljøer som Árran lulesamisk senter, Várdobáiki samisk senter, Åarjelhsaemien Teatere og Sørsamisk språksenter kan utvikles videre. Som i den norske befolkningen for øvrig, bor en stadig større andel av samene i byer. Satsing på samisk språk, og synliggjøring av samisk kultur, skal reflektere det. Nordland Arbeiderparti vil jobbe for å sikre gode rammevilkår for de tradisjonelle samiske næringene. Sametinget er en viktig samarbeidspartner i flere viktige utviklingsspørsmål i Nordland. Dette samarbeidet skal vi videreutvikle.»[61]

*Framstegspartiet* vil innføre valfri sidemålsundervisning i Nordland.[62]

---

61 https://res.cloudinary.com/arbeiderpartiet/image/upload/v1/ievv_filestore/7385c60b0d834801837684d20c7fb734c53a07ddb38546bfa6dacadea934a8a7, lesedato 25.7.2019

62 https://www.frp.no/ditt-fylke/nordland/aktuelt/2019/07/valgprogram-2019-2023, lesedato 25.7.2019

*Høgre* vil arbeide for at fleire vidaregåande skular kan tilby ekstra fordjuping i språk, vil at fylket skal «bli ein klarspråk-fylkeskommune som kommuniserer med innbyggerne på en enkel og tilgjengelig måte, og unngår misforståelser og merarbeid» og vil «bevare og videreutvikle samisk språk og kultur som en viktig del av norsk kulturarv».

*Kristeleg Folkeparti* vil innføre forsøk med teiknspråk som valfag og vil «styrke samisk identitet gjennom målrettet satsing på barn og unge. Bidra til økt kunnskap om samisk språk og kultur, gjennom en målrettet satsing på formidling, og økt tilgang til samisk kunst og kultur i fylket»[63].

*Raudt* skriv ikkje noko om språkpolitikk.

*Senterpartiet* vil «fortsatt være en aktiv støttespiller for samiske festivaler og andre arrangement som støtter opp om samisk språk og kultur»[64].

*Sosialistisk Venstreparti* skriv ikkje noko om språkpolitikk.

*Venstre* skriv at «Nordland er et eksportfylke og næringslivet etterspør språkkompetanse. Venstre vil øke satsingen på opplæring i 2. fremmedspråk på nivå III». Dei har også eit eige kapittel om samisk språk. Der skriv dei: «Samisk språk og norsk er likeverdige språk. Det ligger derfor et spesielt ansvar for å ha kunnskap og kompetanse for å bevare og utvikle samiske språk (nord-, lule- og sørsamisk). Det samiske språket er unik og gjør Norge spennende og mangfoldig. Samisk språk er meget viktig for den samiske kulturen og særlig lule- og sørsamisk språk krever en spesiell oppmerksomhet og styrket språkvitalisering. Alle samiske språk er klassifisert som truede eller alvorlig truede språk, og situasjonen for sør- og lulesamisk er særdeles kritisk. Nordland fylke har noen kommuner som er innlemmet i forvaltningsområdet for samisk språk og storbykommune hvor det skal tilrettelegges for språk- og kulturtilpassende tilbud, særlig for barn og eldre. Nordland Venstre vil: støtte språkvitaliseringskommuner, at videregående skoler i Nordland skal ha ansvar for å informere om rett til opplæring i og på samisk, at rett til opplæring i samisk i videregående opplæring skal omfatte alle som har hatt opplæring i eller på samisk i grunnskolen, bidra til rekruttering av personale med kompetanse i samisk språk og samisk kultur, satse på gode teknologiske løsninger for fjernundervisning, bidra til at skilting av samiske stedsnavn synliggjøres i Nordland, styrke helsetilbudet til den samiske befolkningen, bidra til likeverdig utvikling av samiske og norske museumsinstitusjoner i språkvitaliseringskommuner, bidra til at tiltak i NOU 2016:18 *Hjertespråket* gjennomføres.»[65]

---

[63] https://www.krf.no/globalassets/vedlegg/program-2019-2023/nordland-krfs-program-2019-2023.pdf
[64] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/nordland/valgprogram-2019-2023
[65] https://www.venstre.no/assets/Fylkestingsprogram-Nordland-Venstre-2019-2023.pdf

# Troms og Finnmark

Den nye fylkeskommunen består av alle kommunane i tidlegare Troms og Finnmark fylke i tillegg til Tjeldsund i noverande Nordland. Fylkeskommunen har nøytralt administrasjonsspråk og er del av det samiske forvaltningsområdet.

Ingen kommunar har nynorskvedtak, og det er ingen nynorskklassar i fylket.

Fylket er i sametingsvalet delt mellom austre, Avjovarri, nordre, Gaisi og Vesthavet valkrinsar. Kommunane med flest registrerte veljarar er Kautokeino (1 572), Tromsø (1 404), Karasjok (1 393), Alta (1 321), Tana (864), Porsanger (773), Sør-Varanger (439), Nesseby (368), Kåfjord (367), Hammerfest (335), Vadsø (312), Nordreisa (230), Lyngen (221), Skånland (177), Lebesby (172), Storfjord (151), Kvalsund (149), Nordkapp (133), Kvænangen (125), Lenvik (116), Lavangen (102), Skjervøy (77), Måsøy (76), Balsfjord (72), Sørreisa (61), Gamvik (61), Målselv (52), Loppa (52), Gratangen (50), Båtsfjord (34), Hasvik (42), Salangen (38), Karlsøy (37) og Bardu (30).

I Porsanger er også kvensk offisielt språk.

Det er 57 medlemer i fylkestinget

**Fylkestingsvalet 2019 i Troms og Finnmark**

| Språktema i Troms og Finnmark | R | SV | Ap | Sp | NKF | MDG | V | KrF |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sidemål | | | x | x | | | | |
| Norsk som integrering | | | | | | | | x |
| Framandspråkopplæring | | x | | | | | | |
| Tiltak for kvensk | x | x | x | x | x | x | x | |
| Tiltak for samisk | x | x | x | x | x | x | x | x |

Tabell: Språkpolitiske tema i valprogramma til fylkestingsvalet i Troms og Finnmark.

12 parti stiller liste. I dag er Arbeidarpartiet, Sosialistisk Venstreparti, Miljøpartiet Dei Grøne, Senterpartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti, Høgre og Framstegspartiet representerte i begge fylka, Raudt i Troms og Kystpartiet i Finnmark. Alle partia som har lagt fram program, har gjort det på bokmål. Vi har ikkje funne programmet til Høgre, Framstegspartiet, Liberalistane og Partiet Dei Kristne.

*Arbeidarpartiet* skriv at «samisk og kvensk kultur og identitet skal gjenspeiles i de livene vi lever her nord». Dei vil «arbeide for at elever kan velge bort sidemål til fordel for samisk». Dei skriv òg: «Arbeiderpartiet er opptatt av å synliggjøre det samiske og det kvenske som identitetsbygger i fylket vårt. Vi vil at fylkeskommunen skal være i førersetet for å styrke både samisk og kvensk språk og kultur, både i og utenfor kjerneområdene. Vi skal arbeide opp mot nasjonale myndigheter for å få flere verktøy og midler til dette arbeidet. Arbeiderpartiet vil styrke fylkeskommunens samarbeid med den samiske og den kvenske befolkningen, deres organisasjoner og Sametinget. Vi vil anerkjenne samisk, kvensk og norsk språk og kultur som likeverdige i fylket vårt. Vi vil løfte det samiske og det kvenske inn som naturlige deler av samfunns - og næringsutviklingen. Eksempelvis kan bruk av urfolksdimensjonen utløse ny verdiskaping ved merkevarebygging innen kultur, fiske, landbruk og reindrift.» Dei vil også «styrke samisk og kvensk språk og kultur», «bidra økonomisk og politisk til å utvikle Sámi Mánáid Teahter (Samisk barneteater) til å bli en nasjonal institusjon», «innføre forsøk med samiskspråklig sommerskole for elevene i den videregående skolen», «anerkjenne samisk, kvensk og norsk språk og kultur som likeverdige i fylket», «følge opp handlingsplaner for kvensk språk og kultur», «arbeide for at elever kan

velge bort sidemål til fordel for samisk», «arbeide for at elever som fullfører videregående med samisk språk skal få tilleggspoeng ved søknad til høyere utdanning», «vurdere en prøveordning hvor flere elever med samisk som språk kan samles fysisk til samisk språkopplæring», «arbeide for å beholde bokbussene», «videreutvikle samarbeidet med den samiske og den kvenske befolkningen, og Sametinget» og «styrke de samiske og kvenske festivalene i fylket» og «støtte etablering av et statlig finansiert kventeater». Dei skriv også at «Arbeiderpartiet vil at alle ungdomsskoler og videregående skoler i både Troms og Finnmark skal tilby samisk som andrespråk på lik linje med andre fremmedspråk som tilbys», at dei vil «sørge for ordninger som fører til at innvandrere lærer seg språket så raskt som mulig» og «tilrettelegge helsetjenesten for den samiskspråklige befolkningen, herunder jobbe for å realisere samisk tolkeprosjekt»[66].

*Framstegspartiet* har ikkje noko om språk i programmet sitt.

*Kristeleg Folkeparti* skriv at dei ønskjer «å styrke oppfølgingen av flerspråklige elever i videregående skole», «å ha et særskilt fokus på inkludering, kvalifisering og kompetanseutvikling av flerspråklige», «å styrke tilbudet til samiske pasienter/klienter på deres eget språk», «å støtte språklige tiltak med historisk forankring i fylket», «å støtte det kristne samiskspråklige bladet Nuottanastte». Dei skriv òg: «Reindriften er også en viktig plattform for bevaring av samisk språk og samfunnsliv.»[67]

*Miljøpartiet Dei Grøne* skriv at dei vil «sørge for at utdanningsløpet fremmer elevens flerspråklighet og flerspråklige kompetanse, sørge for gode tjenester for minoritetsspråklige elever». Dei skriv òg: «Det historiske, språklige og kulturelle mangfoldet er en styrke og en særegenhet for Troms og Finnmark. Vi har et særlig ansvar for samisk og kvensk språk og kultur, og at disse skal være en naturlig del av hele kulturfeltet.» MDG vil «styrke bibliotekene som inkluderende og flerspråklige møteplasser», «øke bruken av samisk og kvensk språk i det offentlige rom», «styrke bruken av samiske språk, blant annet ved økt støtte til oversettelse av litteratur og film, spesielt rettet mot barn og unge», «sikre videre drift av de nye kvenske språksentrene i Vadsø, Porsanger og Kvænangen, samt å styrke kvenske og norskfinske institusjoner», «opprette stimuleringsordninger for å få opp antallet kvenske, norsk-finske og samiske kunst- og kulturproduksjoner rettet mot barn og unge», «sikre at alle fylkeskommunale tjenester skal kunne tilby informasjon og veiledning på samiske språk og kvensk», «sørge for at alle barn skal kunne lære seg sitt morsmål, og at foreldrenes innsats som språkforbilder blir anerkjent», «jobbe for at flere velger samisk, kvensk og finsk på videregående, og finne tiltak som øker rekruttering og fagenes status»[68].

*Nordkalottfolket* skriv at «norsk, samisk og kvensk kultur utgjør en kulturell identitet som må styrkes og dyrkes»[69].

*Raudt* meiner «at samisk, kvensk og norsk kultur og språk anses som likeverdige i det nye fylket. Det nye fylket skal ta et særlig ansvar for å styrke kvensk og samisk kultur og språk» og «at samiskundervisningen må styrkes, både i og utenfor det samiske språkforvaltningsområdet»[70].

[66] https://finnmark.arbeiderpartiet.no/politikken/fylkesvalgprogam-2019-2023/, lesedato 25.7.2019
[67] https://www.krf.no/partiorganisasjonen/fylkes-og-lokallag/troms-og-finnmark-krf/politisk-program/, lesedato 25.7.2019
[68] https://tromsogfinnmark.mdg.no/wp/files/2019/04/Program-for-MDG-Troms-Finnmark-2019-2023.pdf, lesedato 25.7.2019
[69] https://www.nordkalottfolket.com/politikk, lesedato 25.7.2019
[70] https://xn--rdt-0na.no/troms/program, lesedato 25.7.2019

*Senterpartiet* skriv at «for Senterpartiet er det viktig å utvikle en politikk basert på vår historie og vårt flerkulturelle særpreg, der samisk og kvensk språk, kultur og identitet har en tydelig posisjon. Reindrift er en viktig samisk næring, og en viktig språk- og kulturbærer», «at samisk, kvensk og finsk språk benyttes aktivt i kulturformidlingen,
at i alle helsetilbud, tjenester og forebyggende tiltak skal det ivaretas at den samiske befolkningen får et likeverdig tilbud på sitt språk» og «vårt urfolk, samene, og våre nasjonale minoriteter, kvener/norskfinne, skal alle kunne ta vare på og utvikle sitt språk, sin kultur og sitt næringsliv og sitt samfunnsliv. Senterpartiet vil at Sametinget skal ha et hovedansvar for å utvikle samisk språk, kultur, næringer og rettigheter på samenes eget grunnlag». Sp vil «styrke arbeidet for de samiske språkene og de andre nasjonale minoritetsspråkene i Norge, særlig ved å styrke Sametinget og det kommunale ansvaret for dette», «arbeide for at det utdannes flere helse- og sosialarbeidere med samisk språk- og kulturkompetanse og sikre tilgangen på samiske tolker ved helseinstitusjoner», «få til et godt samarbeid med Sametinget for å oppfylle samelovens språkregler i alle deler av tjenestene og forvaltningen av Troms og Finnmark, samt få til gode prosesser og løsninger sammen for å oppfylle punktene i avtalen mellom Troms og Finnmark Fylkeskommune», «arbeide for styrking av AMK-sentralene, også med samisk språkkompetanse», «følge opp handlingsplanen for samiske språk og stortingsmeldingen om samepolitikken», og dei skriv også at «samisk språkopplæring i skoler og barnehager må styrkes og elever i samiske områder må kunne velge å lære samisk i stedet for sidemål»[71].

*Sosialistisk Venstreparti* skriv om fylket at «vi er spredtbygd og urban. Vi er en region som er bygd på 'de tre stammers møte'. Vår kulturarv er mangfoldig. Det samiske språk, kultur og næring skal ivaretas og videreutvikles. Det kvenske språket skal ivaretas». I eit kapittel om språkopplæring skriv dei: «Språk er svært viktig for denne kulturelt rike regionen som også grenser til flere naboland. Dette gjør at tilbud om språkopplæring skal prioriteres i fylkets utdanningsinstitusjoner. Informasjon om tilbud må være tilgjengelig for elever og foresatte, og tilbudene må være av god kvalitet. Kvaliteten på språkopplæringen varierer ofte svært mye mellom de enkelte skoler, og det kreves en styrkning av både informasjonsflyt og undervisning. Dette gjelder især for samiske og kvenske elever som ønsker språkopplæring, da fylket spiller en stor rolle i bevaringen og videreføringen av disse språkene». SV ønskjer vidare «å styrke tilbudet i samisk som 1. eller 2. språk og samisk som fremmedspråk ved fylkets videregående skoler. Vi ønsker også å gi økte ressurser til rekruttering og utdanning av lærere i samiske språk». Dei skriv òg: «I de nordligste fylkene kreves et særskilt fokus på samers og kveners rettigheter og behov. Dette kan også ses i sammenheng med andre minoriteters rettigheter og behov. I helsevesenet innebærer dette at helsepersonell skal inneha både kulturell og språklig kompetanse, som gjør at disse gruppene kan møtes og behandles på en god måte.»[72]

*Venstre* skriv at «Troms og Finnmark fylkeskommune skal være best på å sikre samiskspråklige utdanningstilbud. De videregående skolene i Karasjok og Kautokeino må gis mulighet for å ha et variert tilbud», og «det må satses på at innvandrere får relevant opplæring, i kombinasjon med praksis og jobb så tidlig som mulig, for å styrke integrering og språkopplæring». Vidare i programmet har dei også «behandlingstilbud innenfor rus og

---

[71] https://www.senterpartiet.no/lokallag-og-fylkeslag/finnmark/Valgprogram.pdf/_/attachment/inline/93d490ed-1e33-4bc1-9361-cb5e3d92cced:a9ff92bf8ad44447d6c9389436d6b6e017cb8387/Valgprogram.pdf, lesedato 25.7.2019
[72] https://www.sv.no/tromsogfinnmark/2019/04/11/fylkesvalgprogram-2019-2023/, lesedato 25.7.2019

psykiatri tilpasset kvenskspråklige, lokalisert til Porsanger», vidare skriv dei at «siden Troms og Finnmark er et flerkulturelt samfunn, har fylkeskommunen et medansvar for å sikre samisk og kvensk språk, tradisjon og kultur», og «det må særlig satses på rekruttering av lærere med samisk og kvensk bakgrunn»[73].

*Takk til Stina Aasen Lødemel og Aud Søyland for verdifulle tilbakemeldingar til dette dokumentet.*

[73] https://www.venstre.no/artikkel/2019/05/17/fylkestingsprogrammet-for-troms-og-finnmark-venstre-er-klart/, lesedato 25.7.2019